



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 12.02.2019  
**Møtestad:** Slissøyyna/skarvøyyna  
**Møtetid:** 18:15 - 21:30

<b>Møtedeltakarar</b>	<b>Parti</b>
Marit Solbakk Øien	
Gidske Borge Kolltveit	Ap
Terje Blomvågnes	Ap
Bjørn Solbakk	Frp
Ottar Tangen	Frp
Erling Walderhaug	H
Paul Gunnar Gullaksen	H
Stian Herøy	H
Tonje Hernar Gullaksen	H
Torill Hermansen Horgen	H
Ingmar Stuberg	Krf
Olav Nilsen Husa	Krf
Roy-Asle Tungland	Krf
Tove Nordseth	Krf

  

<b>Møtedeltakarar vara</b>	<b>Parti</b>
Kristin Aase	Ap

  

<b>Forfall meldt frå følgjande medlemmar:</b>	<b>Parti</b>
Stian Storemark	Ap

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Hildegunn K. Sivertsen, Nadine Gutte-Preusse, Nils Moldøen, Signe Råheim, Øyvind Tolleshaug

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
002/19	Godkjenning av møtebok
003/19	"Sentrumsplan"
004/19	Budsjettregulering investeringar 2018 - II
005/19	Heimesjukepleiebil
006/19	Justering av betalingssatsar
007/19	Kommunalt oppgåvefellesskap for rekneskap og løn
008/19	Reform Leve hele livet
009/19	Eventuelt

**001/19: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

**Behandling:**

**Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

**002/19: Godkjenning av møtebok**

**Behandling:**

**Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vart godkjent.

Samrøystes vedteke

---

## 003/19: "Sentrumsplan"

### Behandling:

Endringsframlegg Gidske Borge Kolltveit(Ap):

1.Kommunestyret tek førebels innspelet frå Vill Urbanisme til orientering.

2.Kommunestyret føreset at det vidare arbeidet med Sentrumsplanen og innspelet frå Vill Urbanisme vert handtert slik det er vedteke i sak 077/17. Og at det vert lagt stor vekt på å forankra arbeidet gjennom god dialog med innbyggjarar, grunneigarar og næringsdrivande i området. Saka er viktig for alle i kommunen, og kommunestyret vil derfor tilrå at det vert arrangert nye folkemøte om saka når det fell naturleg i prosessen.

Endringsframlegg frå Ordførar:

1.Kommunestyret tek førebels innspelet frå Vill Urbanisme til orientering.

2.Kommunestyret føreset at det vidare arbeidet med Sentrumsplanen og innspel frå Vill Urbanisme vert handtert av formannskapet. Det vert lagd stor vekt på å forankra arbeidet gjennom god dialog med innbyggjarar, grunneigarar og næringsdrivande i området. Saka er viktig for alle i kommunen, og kommunestyret vil derfor tilrå at det vert arrangert nye folkemøte om saka når det fell naturleg i prosessen.

Det vart først røysta over formannskapet sitt framlegg, som vart avvist. Deretter vart dei to andre framlegga sett opp i mot kvarandre. Endringframlegget frå Gidske vart avvist med 12 mot tre røyster. Ottar Tangen (Frp), Kristin Aase (Ap) og Gidske Borge Kolltveit (Ap) røysta for framlegget. Endringsframlegget frå Ordførar vart vedteke med 12 mot 3 røyster.

### Vedtak:

Kommunestyret tek førebels innspelet frå Vill Urbanisme til orientering.

Kommunestyret føreset at det vidare arbeidet med Sentrumsplanen og innspel frå Vill Urbanisme vert handtert av formannskapet. Det vert lagd stor vekt på arbeidet gjennom god dialog med innbyggjarar, grunneigarar og næringsdrivande i området. Saka er viktig for alle i kommunen, og kommunestyret vil derfor tilrå at det vert arrangert nye folkemøter om saka når det fell naturleg i prosessen.

Vedteke med 12 mot 3 røyster.

---

## 004/19: Budsjettregulering investeringar 2018 - II

### Behandling:

### Vedtak:

Kommunestyret gjer følgjande endring i investeringsbudsjettet for 2018 :

Tiltak	Art	Budsjett	Endring	Nytt budsjett
<b>2220 – SKULELOKALE</b>				
222003 – Vøling av av tak på nyeskulen	32300	0	+500'	+500'
MVA	34290	0	+125'	+125'
<b>SUM</b>			<b>+625'</b>	<b>625'</b>

Finansiering	Art	Budsjett	Endring	Nytt budsjett
<b>8800 – Interne finanstransaksjoner</b>				
- Saldering bruk av fond	39480	- 3 689'	- 500'	-4 189'
MVA	37290	0	-125'	-125'
<b>SUM</b>			<b>-1 050'</b>	

Samrøystes vedteke.

---

## 005/19: Heimesjukepleiebil

### Behandling:

Formannskapet sitt framlegg var: Formannskapet ønsker ei vurdering om det er mulig å løyse saka på anna måte, t.d ved bruk av motorvarmar.

Om det vert naudsynt med kjøp av ny bil ønsker me at finansieringsmåte ligg ved.

Ordføraren sitt framlegg til vedtak: Nåverande heimesjukepleiebil vert bytt ut med Peugeot Ion og det vert installert ladeboks. Vert dekkja inn via fond.

Formannskapet og ordføraren sitt framlegg til vedtak vart satt opp mot kvarandre.

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart avvist med 12 mot 3 røystar. Bjørn Solbakk (Frp), Ottar Tangen (Frp) og Marit Solbakk Øien (dei uavhengige) røysta for formannskapet sitt framlegg til vedtak. Ordføraren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 12 mot 3 røyster.

**Vedtak:**

Nåverande heimesjukepleiebil vert bytt ut med Peugeot Ion og det vert installert ladeboks, vert dekkja inn via fond.

Vedteke med 12 mot 3 røyster.

---

**006/19: Justering av betalingsattsar****Behandling:****Vedtak:**

Satsen for kjøp av institusjonsplass vert auka til 2400,- kr per døgn. Satsen skal revurderast kvart år.

Samrøystes vedteke.

---

**007/19: Kommunalt oppgåvefellesskap for rekneskap og løn****Behandling:**

Endringsframlegg frå Ottar Tangen (Frp):

Fedje kommune ynskjer å ta del i ei vidare utgreiing av eit oppgåvefellesskap for rekneskap og løn. Ein tek sikte på å leggja saka fram for kommunestyret til avgjerd innan sommaren 2019. Målet er å få oppgåvefellesskapet operativt frå 01.01.2020.

Endringsframlegget vart satt opp mot rådmannen sitt framlegg. Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Fedje kommune ynskjer å ta del i ei vidare utgreiing av eit oppgåvefellesskap for rekneskap og løn. Ein tek sikte på å leggja saka fram for kommunestyret til avgjerd innan sommaren 2019. Målet er å få oppgåvefellesskapet operativt frå 01.01.2020.

Samrøystes vedteke.

---

## **008/19: Reform Leve hele livet**

### **Behandling:**

### **Vedtak:**

Innspel frå gruppearbeid vert brukt vidare for iverksetting av reforma. Små endringar vert lagt i verksemdsplanen for år 2019 til uttesting, mens større idéar for reforma vert lagt inn i budsjettarbeidet for år 2020.

Samrøystes vedteke.

---

## **009/19: Eventuelt**

### **Behandling:**

Tonje Hernar Gullaksen (H): spurde om ein har fått tak i konsulent til å sjå på bygningsmessige og innhaldsmessige forholda på sjukeheimen. Rådmannen svarar at ein held på med å finne høveleg kompetanse.

Ottar Tangen (Frp): etterlyste tiltaksplan for dei kommunale vegane og vedlikehaldet på dei.

Ordførar svarar at det ikkje er gjort noko med det.

Ordførar orienterer om Kafe Losen og bryggeriet.

### **Vedtak:**

Ingen vedtak under eventuelt.

---